

TOSKA FRITIDSSENTER, GNR 43 BNR 9 M.FL Detaljreguleringsplan


Varsel om oppstart av planarbeid

I samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8 vert det med dette varsla at Multiconsult på oppdrag frå Karen og Jan Ove Toska set i gang arbeid med ny detaljreguleringsplan for Toska campingsenter.

Grunneigarar vart varsla direkte med brev datert 11. mai 2019. Oppstart av planarbeid vart også kunngjort i lokalaviser. Høyringsperioden for denne varslinga var satt med høyringsfrist 23.06.2019. I og med at offentlege høyringsinstansar ikkje vart varsla i mai 2019 er det satt ny høyringsfrist på varselet i dette brevet.

Planområdet vil omfatte gjeldande reguleringsplan, samt veg fram til offentlig veg og veg fram til parkeringsplassen til friluftsområdet. Heile planområdet er ca. 51 daa.

Reguleringsplanen skal utarbeidast som ein detaljplan. Vurdering av krav om konsekvensutgreiing er gjort av Radøy kommune og det er konkludert med at arbeidet ikkje utløyer krav om konsekvensutgreiing.



Figur 1 Avgrensing av planområdet er vist med stipla svart strek

Bakgrunn for reguleringsplanarbeidet

Gjeldande plan er utdatert, og ikkje i samsvar med grunneigars planar for området.


Arealet ein ynskjer å utarbeida reguleringsplan for er i gjeldande kommuneplan for perioden 2011-2022, for ein stor del vist som fritids- og turistformål.

Detaljreguleringsplan

Formål med ny plan vil være revisjon av gjeldande plan for å legge til rette for utleiehytter i staden for campingplass. Planområdet vert utvida noko for å få tilknytning til offentleg veg og turparkering og dels for å få ei betre arealutnytting.

Gjeldande planar i området

Reguleringsplan Toska camping planID 12601998000200 gjelder for området, og vert erstatta av den nye planen.

**Saksgang**

Varsel om oppstart av planarbeid vert sendt til naboar og offentlige og private instansar med brev. I tillegg vert det kunngjort oppstart av planarbeidet i lokalavisa og på nettsidene til Multiconsult, www.multiconsult.no/aktuelt under «kunngjøringer».

Mottatte innspel og merknader vil verte tekne med i arbeidet med utforminga av forslag til reguleringsplan. Notat med oppsummering og kommentarar til mottatte merknadar vil verta lagt ved forslag til reguleringsplan ved innsending til kommunen.

Merknader og innspel

Eventuelle merknader og innspel til planarbeidet sendes skriftleg til:

Multiconsult Norge AS,

att: Torunn Åsheim, Nesttunbrekka 99, 5221 BERGEN

eller E-post: torunn.asheim@multiconsult.no

Høringsfrist: **29. november 2019.**

Venleg helsing
for MULTICONSULT

Torunn Åsheim